

Årsmelding 2014 for Rosendal og Omland Vassverk SA

Rosendal og Omland Vassverk SA (ROV) er eit vassverk. Føremålet er å levera vatn til husbruk og næring i området Løfallstrand – Rosendal – Seimsfoss. Vi er lokalisert i Rosendal i Kvinnherad Kommune.

Styrelsiar: Knut Johannes Helvik .

Styremedlemer: Egil Skeie, Ragnhild Pile, Olger Leganger og Kristen Tore Christensen.

Varamedlemer: Anne Berit Skeie og Reidun Veastad Nerhus.

Rekneskapen er ført av Tveit Rekneskap.

Revisor er BDO AS, avdeling Stord ved revisor Kari Landre Bjerke.

Det vart seld 10 luter i 2014 a kr. 20 000,-.Økonomien i ROV er god.

Verksemda har i året hatt eit aktivt fornyings- og utbetningsprogram. Nokre planlagde oppgåver er overført til 2015 fordi desse skal gjerast i samarbeid med andre foretak. Vi har i året hatt fokus på å finna lekkasjar på leidningsnettet. Det har vore 3 leidningsbrot på mindre sideleidningar, og vatnet har vore avstengt i avgrensa område i korte periodar på grunn av vedlikehald. Det har vore sendt ut eit kokevarsel på grunn av svikt i reinseanlegget.

Samarbeidet med Kvinnherad Kommune fungerer godt. I tillegg til drift av vassbehandlingsanlegget i Hattebergsdalen, har vi og samarbeidd om diverse vedlikehald og utbyggingsprosjekt der vatn og kloakk kjem inn i same byggeprosjekt.

Mattilsynet har utført revisjon av vassverket. Alle krav er innfridd, og anlegget er godkjent.

Styret vurderer det slik at tilhøva gjev grunnlag for vidare drift av ROV.

ROV driv ikkje aktivitet som forureinar det ytre miljø.

I styret er tre menn og ei kvinne. To varamedlemer til styret er kvinner.

Rosendal 30.03.2015

Styret for Rosendal Vassverk SA


Knut Johannes Helvik


Egil Skeie


Ragnhild Pile


Olger Leganger


Kristen Tore Christensen